



Arkivnr: 2014/10441-38

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Delegert saksframlegg

Fylkesrådmannen etter fullmakt

Fornyng av sertifikatlån 335 mill. kr

Samandrag

Eit 3 månaders sertifikatlån på 335 mill. kr forfell den 11. juni 2014. Ein har henta inn tilbod på nytt lån. Fylkesrådmannen går inn for å refinansiere med eit nytt sertifikatlån tilrettelagt av Danske Bank Markets.

Vedtak

I medhald av Reglement for finansforvaltninga i Hordaland fylkeskommune gjer fylkesrådmannen slikt vedtak:

Lån på 335 mill. kr vert refinansiert med eit 3-månaders sertifikatlån, tilrettelagt av Danske Bank Markets. Renta fram til 11. september 2014 er 1,89 %.

Johnny Ernst Stiansen
konst. fylkesrådmann

Nils Vetlesand
fung. fylkesdirektør økonomi

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 06.06.2014

Eit sertifikatlån på 335 mill. kr forfell den 11. juni 2014. Renta på lånet har vore 1,59 % siste 3-månaders perioden.

Fylkesrådmannen går inn for å fornye lånet med eit nytt 3 månaders sertifikatlån. I tilknytning til dette lånet har fylkeskommunen ein rentebytteavtale, der ein betaler fast rente og mottar 3 mnd. Nibor. For å oppnå størst grad av sikring, bør lånet følgje same intervalla som rentebytteavtalen, dvs. 3 månader.

Den 06.06.2014 har ein fått inn følgjande tilbod på 3 månaders sertifikatlån:

	<u>Nominell rente</u>
Danske Bank Markets	1,89 %
DNB Markets	1,89 %
Nordea Markets	1,90 %

Danske Bank Markets og DNB Markets tilbyr same rentesats. Danske Bank Markets oppgjev kr 12 316 i gebyr, medan DNB Markets oppgjev kr 12 372. Gebyra skulle i prinsippet vere dei same, så tilboda må i praksis reknast som like.

Fylkeskommunen har berre hatt eit lån hos Danske Bank Markets tidlegare. Det kan vere greitt å inkludere også denne banken mellom fylkeskommunen sine långjevarar. Fylkesrådmannen aksepterer tilbodet frå Danske Bank Markets denne gongen.